

MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Leikanger - fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	13.04.2016
Kl.	10:00 – 14:50

Faste medlemer til stades: **Jenny Følling, Sp**
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H

Forfall til møtet: **Gunhild Berge Stang, V**

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett: **Tore Eriksen**

Sekretariat for møtet: **Svein Hågård og Marit Silje Husabø**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteboka frå 2. mars 2016 vart godkjend utan merknader.

Munnlege orienteringar:

1. Fjord1 AS og F1 Holding AS. Fylkesutvalet vedtok at orienteringane skulle finne stad bak lukka dørar, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23, 4. ledd.
 - Styreleiar i Fjord1 AS, Pål W. Lorentzen, orienterte om statusen i Fjord1 AS. Lorentzen orienterte m.a. om føreståande anbodskonkurransar og om arbeidet i styret dei siste fire månadane.
 - Styreleiar i F1 Holding AS, Jan Øhlckers, orienterte om prosessen med nedsal av aksjane i selskapet, jf. fylkestinget sitt vedtak i sak 46/15. Øhlckers orienterte m.a. om prosessen overfor Konkurransetilsynet og den føreståande selskapsgjennomgangen (Black Box Due Diligence). Orienteringa vart gitt ut frå dokument arkivert i journalpost 15/8067-192.
 - Medlemene i fylkesutvalet fekk høve til å stille spørsmål til Lorentzen og Øhlckers i etterkant av orienteringane.
 - Protokolltilførsel: Representanten Åshild Kjelsnes (Ap) sa ifrå om at ho er ueinig i innført praksis om at dokument unntake offentlegheit i Fjord1-saka

ikkje skal distribuerast elektronisk med konfidensialitet til medlemene i fylkesutvalet, men berre vere tilgjengelege for gjennomlesing.

2. Konstituert fylkesdirektør for tannhelsetenesta, Clara Øberg, og konstituert fylkestannlege, Elisabet Skrede, orienterte om høyringsfråsegnene fylkeskommunen har motteke i samband med utgreiingsrapporten «Tannhelsetenesta – ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur».

Fylkesutvalet vedtok at drøftinga av dokument nr. 9 i sak 34/16, Sogn og Fjordane Holding AS, skulle skje bak lukka dørar, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23, 4. ledd.

Det same var tilfellet med drøftinga av dokument nr. 10a, 10b og 10 c i sak 34/16, Botnaneset Industriselskap AS, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23, 4. ledd.

SAK 20/16 Val av fylkeskommunen sine representantar til valkomiteen for styret i F1 Holding AS og for F1 Holding AS sine styremedlemer i Fjord1 AS

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

I samsvar med aksjonæravtalen mellom Torghatten ASA og Sogn og Fjordane fylkeskommune vel fylkesutvalet følgjande to representantar til valkomiteen for styret i F1 Holding AS og for F1 Holding AS sine styremedlemer i Fjord1 AS:

1

2

Endringsframlegg:

Arbeidspartiet og Høgre sette fram slikt framlegg til vedtak:
Saka vert utsett.

Avrøyting:

Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas og Bjørn Erik Hollevik røysta for utsejningsframlegget. Jenny Følling, Sigurd Reksnes, Aleksander Øren Heen og Trude Brosvik røysta mot. Då det var likt røystetal, vart fylkesordføraren si røyst avgjerande og framlegget fall, jf. kommunelova § 35, nr. 1, jf. § 34, nr. 1.

Realitetsframlegg:

Sigurd Reksnes sette fram slikt framlegg til representantar:

- 1 Fylkesordføraren
- 2 Fylkevaraordføraren

Fylkesvaraordføraren, Åshild Kjelsnes, ønskte ikkje å stille som representant. Sigurd Reksnes gjorde i staden framlegg om Noralv Distad.

Avrøyting:

Åshild Kjelsnes og Helen Hjertaas røysta mot framlegget.
Bjørn Erik Hollevik, Jenny Følling, Sigurd Reksnes, Aleksander Øren Heen, Trude Brosvik og Hilmar Høl røysta for.

Dette gir følgjande VEDTAK:

I samsvar med aksjonæravtalen mellom Torghatten ASA og Sogn og Fjordane fylkeskommune vel fylkesutvalet følgjande to representantar til valkomiteen for styret i F1 Holding AS og for F1 Holding AS sine styremedlemer i Fjord1 AS:

1 Fylkesordføraren

2 Noralv Distad

SAK 21/16 Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016/17

**Frå hovudutval for opplæring låg det føre slik tilråding til vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017, vedteke i HO-sak 27/15, vert endra slik:

Det utlyste tilbodet ved Sogndal vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 1 bygg- og anleggsteknikk vert auka med to grupper
Vidaregåande trinn 1 service og samferdsel vert auka med ei gruppe
Vidaregåande trinn 2 elenergi vert auka med ei gruppe
Vidaregåande trinn 2 klima-, energi og miljøteknikk vert ikkje sett i gang
Vidaregåande trinn 2 kokk og servitør vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Dale vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 2 maritim produksjonsteknikk vert ikkje sett i gang
Vidaregåande trinn 2 industriteknologi vert auka med ei halv gruppe
Vidaregåande trinn 2 helsearbeidarfag vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Hafstad vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 1 studiespesialisering vert auka frå 3 til 4 grupper
Vidaregåande trinn 2 studiespesialisering vert redusert frå 4 til 3 grupper

Det utlyste tilbodet ved Måløy vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 2 byggeteknikk vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 1 bygg- og anleggsteknikk vert auka med ei gruppe
Vidaregåande trinn 1 elektrofag vert auka med ei gruppe
Vidaregåande trinn 2 anleggsteknikk vert auka med ei gruppe
Vidaregåande trinn 2 industriteknologi vert auka med ei gruppe

Det utlyste tilbodet ved Stryn vidaregåande skule vert endra slik:
Vidaregåande trinn 1 bygg- og anleggsteknikk vert redusert med ei gruppe

2. Tilboda som ikkje vert tilrådd sette i gang for skuleåret 2016-17 skal vurderast i sak om opplæringstilbodet for skuleåret 2017-18
3. Det vert sett av ein grupperessurs til opprettning av ei ekstra gruppe ved behov i samband med inntaket. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere grupperessursen i samband med inntaket.
4. Den alt tildelte auken i budsjettet for opplæringssektoren på 3,0 mill. kr i 2016 vert nytta til å finansiere auken på 5 grupper hausten 2016. Tilleggsbehovet på 0,185 mill. kr utover dette vert finansiert innan ramma for opplæringssektoren. Ein vil seinare justere budsjettet for dette.
5. Finansiering av auken på 5 grupper våren 2017 vert å ta stilling til i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet for 2017.

6. Hovudutval for opplæring rår i tillegg til følgjande auke i opplæringstilbodet:

- Vidaregående trinn 2 studiespesialisering ved Hafstad vidaregående skule vert auka med ei gruppe
- Vidaregående trinn 2 byggteknikk ved Måløy vidaregående skule vert auka med ei gruppe

Kostnaden ved auken hausten 2016 er rekna til 1,274 mill. kr. Opplæringssektoren får for hausten 2016 tilleggsløyving på 1,274 mill. kr finansiert ved....

Finansiering av auken på 2 grupper våren 2017 vert å ta stilling til i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet for 2017.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg som tillegg:
Kr 1 274 mill. vert å kome tilbake til i tertialrapport 1/16.

Avrøysting:

Tilrådinga frå hovudutvalet for opplæring med tillegg frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017, vedteke i HO-sak 27/15, vert endra slik:

Det utlyste tilbodet ved Sogndal vidaregående skule vert endra slik:
Vidaregående trinn 1 bygg- og anleggsteknikk vert auka med to grupper
Vidaregående trinn 1 service og samferdsel vert auka med ei gruppe
Vidaregående trinn 2 elenergi vert auka med ei gruppe
Vidaregående trinn 2 klima-, energi og miljøteknikk vert ikkje sett i gang
Vidaregående trinn 2 kokk og servitør vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Dale vidaregående skule vert endra slik:
Vidaregående trinn 2 maritim produksjonsteknikk vert ikkje sett i gang
Vidaregående trinn 2 industriteknologi vert auka med ei halv gruppe
Vidaregående trinn 2 helsearbeidarfag vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Hafstad vidaregående skule vert endra slik:
Vidaregående trinn 1 studiespesialisering vert auka frå 3 til 4 grupper
Vidaregående trinn 2 studiespesialisering vert redusert frå 4 til 3 grupper

Det utlyste tilbodet ved Måløy vidaregående skule vert endra slik:
Vidaregående trinn 2 byggteknikk vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Mo og Øyrane vidaregående skule vert endra slik:
Vidaregående trinn 1 bygg- og anleggsteknikk vert auka med ei gruppe
Vidaregående trinn 1 elektrofag vert auka med ei gruppe
Vidaregående trinn 2 anleggsteknikk vert auka med ei gruppe
Vidaregående trinn 2 industriteknologi vert auka med ei gruppe

Det utlyste tilbodet ved Stryn vidaregående skule vert endra slik:
Vidaregående trinn 1 bygg- og anleggsteknikk vert redusert med ei gruppe

2. Det vert sett av ein grupperessurs til oppretting av ei ekstra gruppe ved behov i samband med inntaket. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere grupperessursen i samband med inntaket. Fylkestinget vedtek i tillegg følgjande auke i opplæringsstilbodet:
 - o Vidaregående trinn 2 studiespesialisering ved Hafstad vidaregående skule vert auka med ei gruppe
 - o Vidaregående trinn 2 byggteknikk ved Måløy vidaregående skule vert auka med ei gruppe
 3. Den alt tildelte auken i budsjettet for opplæringssektoren på 3,0 mill. kr i 2016 vert nytta til å delfinansiere auken på 7 grupper hausten 2016. Tilleggsbehovet på 1,274 mill. kr utover dette vert finansiert innan ramma for opplæringssektoren. Finansieringa vert å kome tilbake til i tertialrapport 1/16.
 4. Finansiering av auken på 7 grupper våren 2017 vert å ta stilling til i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet for 2017.
 5. Tilboda som ikkje vert tilrådd sette i gang for skuleåret 2016-17 skal vurderast i sak om opplæringsstilbodet for skuleåret 2017-18
-

SAK 22/16 Regional plan - Ottadalen villreinområde

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget vedtek Regional plan for Ottadalsområdet, med heimel i plan- og bygningslova § 8-4. Planframlegget omfattar planskildring, retningsliner, handlingsprogram, konsekvensutgreiing og plankart.
-

SAK 23/16 Årsrapport 2015 - konsesjonskraft og finansportefølje

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget tek årsrapporteringane for 2015 på konsesjonskrafta og finansporteføljen til orientering.

SAK 24/16 Regionreforma - status og framdrift

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkesutvalet tek føreliggjande orientering om det pågående regionreformarbeidet til vitande.

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune held fram dialogen og eit felles utgreiingsarbeid med Hordaland og Rogaland for å vurdere moglegheitene for ein intensjonsplan, sjølv om Møre og Romsdal så langt ikkje har respondert på førespurnaden frå fylkesordføraren i Sogn og Fjordane.
3. Fylkesutvalet er innforstått med at arbeidet vidare vert organisert slik:
 - a) Fylkesrådmannen/fylkesrådmennene står for føresett utgreiing.
 - b) Det vert etablert ei politisk styringsgruppe og eit forhandlingsutval.
 - c) Fylkesutvalet vert politisk styringsgruppe. Gruppa vil bli laupande informert, og vil kunne kome med innspel og føringar undervegs i den vidare prosessen.
 - d) Det vert oppnemnd eit forhandlingsutval samansett av fylkesordførarar, fylkesvaraordførarar, ein representant frå den politiske opposisjonen og fylkesrådmannen. Dei hovudtillitsvalde vert inviterte til å delta med ein representant i forhandlingsutvalet.
 - e) Forhandlingsutvalet skal, basert på utarbeidd utgreiing, sjå om det er grunnlag for å kome fram til ein felles intensjonsplan med Hordaland og Rogaland fylkeskommunar.
 - f) Ein eventuell intensjonsplan må godkjennast i fylkestinget hausten 2016.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:
Saka vert utsett og fremja på ny til fylkesutvalet 18. april.

Avrøysting:
Fylkesutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Saka vert utsett og fremja på ny til fylkesutvalet 18. april.

SAK 25/16 Petroleumsrådet - suppleringsval for valperioden 2015 - 2019

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Følgjande vert valde som medlemer i petroleumsrådet

Erling Sande
Asgeir Øvrebotten

SAK 26/16 Landbruk i Verdiskapingsplanen

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Landbruksatsinga i Regional Plan for verdiskaping 2016-25 vert godkjent slik ho ligg føre
 2. Fylkesmannen si landbruksavdeling har ansvaret for oppfølging av satsinga på landbruk
-

SAK 27/16 Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane. Årsplan for 2016

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtek årsplan for 2016.
 2. Finansiering av arbeidet er for fylkeskommunen si side avklara gjennom budsjett 2016.
 3. Hydrogensatsinga vert innarbeidd i årsplan til verdiskapingsplanen.
-

SAK 28/16 Omstilling innanfor petroleumssektoren - felles omstillingsarbeid på Sør- og Vestlandet

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til samarbeidet om felles omstillingsarbeid på Sør- og Vestlandet med Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal. Det er ein føresetnad at arbeidet skal organiserast med ei politisk styringsgruppe og administrativ prosjektgruppe.
 2. Fylkesordførar representerer Sogn og Fjordane fylkeskommune i styringsgruppa med fylkesvaraordførar som vararepresentant. Det vert føresett at LO, NHO, NAV, IN og UH-sektoren vert invitert inn i styringsgruppa med kvar sin representant (for regionen under eitt).
 3. Fylkesrådmannen vil peike ut administrativ representant frå Sogn og Fjordane til prosjektgruppa.
-

SAK 29/16 Strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016 - 2020

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020 vert vedteken slik han ligg føre.

SAK 30/16 Søknad om forskottering av midlar til fullføring av reguleringsplan for fv. 60 Tomasdard - Røyrhus bru i Hornindal kommune

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Hornindal kommune får løyve til å forskottere 2 mill. kr til fullføring av reguleringsplan for strekninga Tomasdard – Røyrhus bru på fv. 60.
 - 2 Refusjon av forskotteringsmidlane skjer ved oppstart av første delprosjekt på strekninga med inntil 2 mill. kr i høve til faktisk forbruk ekskl. mva. og utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån.
 - 3 Dersom prosjektet ikkje er starta opp innan 2026, vil forskotteringen ikkje bli tilbakebetalt.
 - 4 Kostnadene med refusjon på inntil 2 mill. kr skal dekkjast innanfor ramma til fylkesveg.
 - 5 Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå forskotteringsavtale med kommunane.
-

SAK 31/16 Stad skipstunnel - mogleg hurtigbåtsamband

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkeskommunen vil på eit seinare tidspunkt ta stilling til ev. etablering av nye hurtigbåtsamband som følgje av realisering av Stad skipstunnel.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkeskommunen ser potensiale i ein hurtigbåtforbindelse for passasjertrafikk mellom Bergen og Ålesund når Stad skipstunnel vert opna.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune ynskjer, saman med nabofylka, kommersielle partar og Fou-miljø, ei utgreiing av ein slik hurtigbåtforbindelse. Her må ein mellom anna sjå på marknad, finansiering, kapasitet og frekvens.

Med Stad skipstunnel på plass vil det opne for mulegheiter for ei sjøgåande transportrute mellom Norge og Europa. Dette vil vere eit viktig bidrag til målsetjinga om å få meir gods frå veg til sjø og bane.

Fylkeskommunen vil seinare ta stilling til mogeleg etablering av nye hurtigbåtsamband som kan realiserast etter at Stad skipstunnel vert opna.

Avrøyting:

Framleggget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøyting.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkeskommunen ser potensiale i ein hurtigbåtforbindelse for passasjertrafikk mellom Bergen og Ålesund når Stad skipstunnel vert opna.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune ynskjer, saman med nabofylka, kommersielle partar og Foumiljø, ei utgreiing av ein slik hurtigbåtforbindelse. Her må ein mellom anna sjå på marknad, finansiering, kapasitet og frekvens.

Med Stad skipstunnel på plass vil det opne for mulegheiter for ei sjøgåande transportrute mellom Norge og Europa. Dette vil vere eit viktig bidrag til målsetjinga om å få meir gods frå veg til sjø og bane.

Fylkeskommunen vil seinare ta stilling til mogeleg etablering av nye hurtigbåtsamband som kan realiserast etter at Stad skipstunnel vert opna.

**SAK 32/16 Førdepakken - flytting av bomstasjon nr. 3 - E39
Bruland**

VEDTAK:

Fylkeskommunen har ikkje merknad til at bomstasjon nr. 3, E39 Bruland (Førde aust), i Førdepakken, blir flytta ca. 400 m mot Bruland langs E39.

**SAK 33/16 Høyringsutkast - Planprogram for Regional
transportplan for Sogn og Fjordane 2018 - 2027**

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. I medhald av plan og bygningslova vert utkastet til planprogram sendt på høyring slik det no ligg føre.
2. Høyringsfrist vert sett til 27.05.2016

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til endring i planprogrammet:

Det bør utarbeidast eige kapittel under 3.6 som fokuserer på viktige trafikkutfordringar for barn og unge.

Arbeidarpartiet sette fram slike framlegg til endringar i planprogrammet:

Punkt 4.3 Skredsikring:

Legg til tabelloversikt som viser behov på Fv og Rv i fylket og kva sum som trengs pr år på landsbasis for å nå målet til nasjonal rassikringsgruppe om at det offentlege vegnettet skal vere sikra mot ras i 2030

Punkt 4.1.4 Trafikktryggleik:

Det er ein føresetnad at analysane må omfatte ikkje-fysiske trafikktryggingstiltak jfr. § 40 A i vegtrafikklova

Punkt 4.6.1 Hamner:

Ta vekk distriksutvikling og sette inn utvikling i andre setning.

Avrøyting:

Endringsframlegga frå Kristeleg Folkeparti og Arbeidarpartiet vart samråystes vedtekne.
Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samråystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. I medhald av plan og bygningslova vert utkastet til planprogram sendt på høyring etter at følgjande endringar er tekne inn i planen:

Punkt 3.6 Samfunnsmessige utfordringar og behov

Utarbeide eit eige kapittel som fokuserar på viktige trafikkutfordringar for barn og unge.

Punkt 4.1.4 Trafikktryggleik

Det er ein føresetnad at analysane må omfatte ikkje-fysiske trafikktryggingstiltak jfr. § 40 A i vegtrafikklova.

Punkt 4.3 Skredsikring

Legg til tabelloversikt som viser behov på Fv og Rv i fylket og kva sum som trengs pr år på landsbasis for å nå målet til nasjonal rassikringsgruppe om at det offentlege vegnettet skal vere sikra mot ras i 2030.

Punkt 4.6.1 Hamner

Ta vekk «distriksutvikling» og sette inn «utvikling» i andre setning.

2. Høyringsfrist vert sett til 27.05.2016
-

SAK 34/16 Skriv og meldingar fylkesutvalet 13. april 2016

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1a: Kombinasjonen av å vere medlem i kontrollutvalet og finansutvalet – melding om vedtak i kontrollutvalet.
- 1b: Kombinasjonen av å vere medlem i kontrollutvalet og finansutvalet – saksframlegg kontrollutvalet
- 1c: Notat frå fylkesrådmannen
- 1d: Vedlegg til notat frå fylkesrådmannen
- 1e: Notat frå leiar i kontrollutvalet
- 1f: Juridisk vurdering NKRF - Kombinasjonen av å vere medlem i kontrollutvalet og finansutvalet
- 2: Etablering av energiforum/-råd
- 3: Notat - politisk handsaming av regional cruisestrategi
- 4: Lokalisering av felles løns- og rekneskapseining i politiet

- 5: SMISO - Årsmelding 2015
 - 6: Fråsegn frå fylkesårsmøte i Senterpartiet: Sogn og Fjordane som TISA-fri sone!
 - 7: Fråsegn frå fylkesårsmøte i Senterpartiet: Investeringsmidlar til landbruk i Sogn og Fjordane
 - 8: Fråsegn frå fylkesårsmøte i Senterpartiet: Senterpartiet krev vefsatsing i fylket!
 - 9: Eigarskapssak *Ikkje offentleg, Ofl §23.4*
Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen leggje fram ei sak i samsvar med ønskjet fylkesrådmannen sette fram i notatet.
 - 10a-c: Eigarskapssak *Ikkje offentleg, Ofl §23.4*
 - 11a: EU/EØS på 1-2-3: Lynkurs for folkevalde
 - 11b: Reservasjonsskjema
-